

forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Statens vegvesen
Region Midt
Fylkeshuset
6404 MOLDE

Dato: 04.11.2013

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Friluftsrådet Ålesund og Omland, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.


Uttale – høyring reguleringsplan for gang- og sykkelveg Vevang i Eide kommune

Vi viser til 1 gongs høyring av 18.09.2013 for reguleringsplan for gang- og sykkelveg på Vevang i Eide kommune.

Saken er drøfta med Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Støyforeninga og Syklistenes Landsforening (SLF).

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) ser positivt på det blir etablert gang- og sykkelveg på Vevang og støttar SV i dette. Det vi har ei meining om er korleis traseen bør liggje i høve til trygghet til dei mjuke trafikantar, friluftsliv og folkehelse. Vi vil i det følgjande prøve å gjere greie for kva vi meiner.

Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal (FNR) har i ei årrekkje saman med kommunane Eide og Averøy ivra for ein samanhengande grøn ferdselskorridor på utsida av Atlanterhavsvegen frå eksisterande gang- og sykkelveg frå både sider (Vevang/Kårvåg). Dette for å ha ein alternativ måte å bevege seg på i det fantastiske kystlandskapet som er der ute. I utgangspunktet hadde vi tenkt enkel grusa tursti som også let seg sykle, på utsida av eksisterande bilveg. Men om det blir gang- og



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

sykkelvegstandard (med asfalt) ved innfallsporten til sjølve Atlanterhavsvegen er greitt for friluftinteressene slik vi ser det.


Vi ser at topografien på utsida av bilvegen ofte sett grenser som gjer at den grønne ferdselsåra må liggje tett bilvegen. Men der det er mogleg meiner vi at ein bør halde ein avstand som gjer at også dei mjuke trafikantane oppnår optimal nytting i høve til frisk luft, stillheit og naturopplevingar. Dette betyr i praksis at vi ønskjer at føringa av gang- og sykkelvegen på denne parsellen blir lagt lenger vekk frå bilvegen. Slik den no er lagt vil den som beveger seg på gang- og sykkelvegen bli utsatt for unødig svevestøv, eksos, støy og trafikkfare. På deler av den omsøkte strekninga blir det at bilvegen ligg skoten ned i terrenget, ytterligare forsterke dei negative konsekvensane for dei mjuke trafikantane.

Vi meiner at her er gang- og sykkelvegen også meint som ein turveg slik at turopplevinga – det vakre landskapet, naturen, stillheit osv – viktigare enn om den var meint som ein rask transportetappe for arbeids- og skolareiser. Vi ser sjølvstøtt behovet for at gang- og sykkelvegen er kortast og raskast mogleg og at den ikkje representerer ein unødig omveg som gjer at folk i praksis ikkje bruker den. Da vil mange kanskje i staden gå eller sykle langs bilvegen. Men akkurat på denne konkrete strekninga, meiner vi at ved å velje ein alternativ trase litt utanom bilvegen vil fordelane vege opp ulempene.

Det er også allereie ein etablert tursti på delar av strekning som no er planlagt. Ved å leggje gang- og sykkelvegen bort frå bilvegen og bort til den eksisterande turstien, vil ein få eit betre samanheng i turstinettet og moglegheita for rundturar.

Slik vi oppfattar eksisterande retningslinene for støy i T-1442 er denne fokusert på støy påverknad for dei som bor inn til støykjelda (her bilvegen). Det finnes ingen juridiske grenseverdier eller retningslinjer a la T-1442 for støyen som dei som beveger seg **på** gang- og sykkelvegane blir utsatt for. Dette er eit paradoks av generell karakter, men som i dette spesielle konkrete tilfellet lar seg løyse ved at ein legg gang- og sykkelvegen unna støykjelda (bilvegen).

Det er uheldig (men ein sørgjeleg vanleg praksis) å blande syklistar, fotgjengarar/bikkjer/barnevogner og bilar særlig der trafikken er stor. Her



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

har ein moglegheita for å skilje hovudgruppene med og utan motor og då bør ein gjere det.

Forum for Natur og Friluftsliv finn planane for ny gang- og sykkelveg på Vevang som positiv. Men vi rår til at traseen blir lagt unna bilvegen til beste for både den som sit i bilen og dei som ønskjer å røre seg på gang- og sykkelvegen for eiga maskin. Vi meiner at når Atlanterhavsvegen har status nasjonal turistveg, så må dette også omfatte at også dei gåande og syklande sine opplevingar blir prioritert.

helsing

Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli
koordinator

Vedlegg: Kart (frå Gislink) med forslag til alternativ trase (blåstipla) for gang- og sykkelveg

